

## Oppsummering frå folkemøte om kommunereform

### EXIT SKODJE

...eller ny giv?

Gomerhuset 29. september 2015

**Politikarane i Skodje vil takke for godt oppmøte og stort engasjement i møtet!**

**I oppsummeringa under finn du hovudtrekk frå innspela deltakarane hadde i møtet. Innspela var knytt til ulike sider ved kommunereforma. Både verdispørsmål og strukturar i ei framtidig kommune vart sett på dagsorden. Truslar og moglegheiter i ein ny kommune vart drøfta, og deltakarane kom òg med nokre anbefalingar til kommunestyret i det vidare arbeidet med reforma.**

#### **Kva er føremålet med ein kommune?**

I arbeidsgruppene var ein innoptatt oppgåver knytt til både samfunnsutvikling, forvaltning av demokrati og tenesteutvikling. Ein kommune skal bygge gode lokalsamfunn, og samtidig bidra til regionbygging og vekstkraft. Demokratiet skal ivaretakast og tenestene skal bli gitt med rett kompetanse og kvalitet. Innbyggjarar skal få den hjelpa dei treng, når dei treng det, der du bur.

Innspela synleggjorde føremålet med ei kommune og dei mangfaldige oppgåvene kommunen skal forvalte.

#### **Verdiar**

Identitet, å bry seg om kvarandre, nærleik, tryggleik, kvalitet, gode tenester, rettstryggleik, engasjement, personleg kontakt, var stikkord i debatten som tyder på at arbeid med kommunereform omhandlar viktige verdidiskusjonar og verdival. Innspela i folkemøtet var knytt til om desse verdiar vert styrka eller svekka i ein ny og større kommune.

#### **Antakingar og historier**

I løpet av folkemøtet identifiserte ein òg nokre antakingar og historier knytt til kommunereform. Døme på dette var: «Store kommunar er ikkje bra», «Små kommunar er "ute"», «store kommunar er lik sentralisering og forskjellshandsaming», «Ålesund skal vere motor, men er ein bremsekloss», «Vi vil få berre «yrkespolitikkarar», «Skodje vil verte

ein utkant», «Det er ikkje avklart kva som skjer med gjeld», «Skodje sin økonomi vil bli styrka», «Skodje sin økonomi vil bli svekka», «Ålesund er nedsylta i gjeld og har stort etterslep på investeringar og vedlikehald», «Gjelda til Ålesund er stor, men dei har store egedelar», «Dårleg erfaring med byggesak i Ålesund», «Kommunereforma gjekk dårleg i Danmark»

Desse antakingane vert viktige å gå nærmare inn i for kommunestyret. Kva seier dei gjennomførte utgreiingane om dette, og kva må eventuelt utgreiast vidare for å få eit best mogeleg grunnlag for å ta ei avgjerd.

#### **Struktur**

Mange var opptekne av kva som vil skje med lokalisering av det kommunale tenestetilbodet. Vil det skje ei sentralisering på bekostning av lokale tilbod, vil kontakten med innbyggjarane verte dårlegare - mindre kontakt med administrasjonen? Kva er eigentleg ein passe stor kommune? Kva kan takast ut i eventuelle stordriftsfordelar, kvar går skjeringspunktet for stordriftsfordelar/stordriftsulemper? Kva skjer med skular, barnehagar? Kva skjer med fritidsaktivitetar? Kan det verte større valmoglegheiter i ei større kommune eller vil det lokale tilbodet verte dårlegare? Nokre meinte at Skodje er sentrum uansett struktur, og ligg i så måte heldig til for den kommande reforma.

I folkemøtet ba ein om konkrete innspel som politikarane kan ta med seg i det vidare arbeidet.

Innspela kjem fram i punkta under:

- Det bør utgreiast nye demokratimodellar
- Skodje kommune bør bidra til å styrke regionen og sikre heilskapleg samfunnsplanlegging
- Det trengst økonomiske avklaringar med tanke på gjeld, eigedomsskatt og eigedelar
- Det bør arbeidast for å avvikle eigedomsskatt
- Vi må sjå det store biletet i sak om kommunereform. Her er eit rom for mogelegheiter og det må vi utnytte.
- Skodje kommune må styrke sitt kultur- og fritidstilbod ytterlegare
- Skodje kommune bør styrke tilrettelegginga for lokale lag
- Skodje kommune må fortsatt ha eit publikumsmottak der innbyggjarane får den servicen dei treng.

## Vidare arbeid med kommunereform

Dei viktigaste milepælane er som følgjer:



Arbeidsgruppa for kommunereform i Skodje kommune kjem til å arbeide vidare med å finne fakta/svar på antakingane og spørsmåla som kom fram i folkemøtet. Det skal også gjennomførast ei innbyggjarundersøking i alle sunnmørskommunane i løpet av **september**. Undersøkinga vert gjennomført ved oppringing av eit representativt utval av innbyggjarane. Det vil òg bli vurdert å gjennomføre fleire folkemøte der ein vil kome i nærmare berøring med innbyggjarane si meining. Lag og organisasjonen som ønskjer å møte kommunen for informasjon og dialog kring reforma bes ta kontakt. Skodje kommune vil vere positiv til å stille i slike møte

---

# *Kommuneplan for Skodje 2015 - 2025*

## *Samfunnsdelen - offentleg høyring*

Med heimel i § 11-14 i plan- og bygningslova vedtok Skodje kommunestyre i møte 22.09.15, K-sak 63/15, å leggje forslag til samfunnsdel til kommuneplanen for Skodje 2015-2025 ut til offentleg høyring.

Samfunnsdelen i kommuneplanen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile kommunen. Samfunnsdelen skal vere grunnlag for sektorane si planlegging og verksemda til kommunen. Det er plan- og bygningslova (kapittel 11) som fastset at kommunen skal ha ein samla kommuneplan. Kommuneplanen omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Det er samfunnsdelen som no vert sendt ut på høyring.

Plandokumenta ligg tilgjengeleg på heimesida til kommunen ([skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no)), og i papirutgåve på Skodje bibliotek og på rådhuset.

Eventuelle merknader skal vere skriftlege, og sendast pr. brev til Skodje kommune, 6260 Skodje, eller på e-post til [postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no).

**Frist for merknad til planforslaget er sett til 1. desember 2015.**